

## Fråsegn frå Vestland fylkeskommune:

---

### Sendast:

Kulturdepartementet ved kultur- og likestillingsminister Abid Q. Raja  
Medlemene i familie- og kulturkomiteen på Stortinget

## Underfinansiering av kulturbygg gjennom spelemidlar

Vestland fylkeskommunen ser med uro på underfinansieringa av kulturarenaer gjennom spelemidlar, og verknadene dette har for kulturlivet over heile landet. Vi ber Kulturdepartementet ved kultur- og likestillingsminister Abid Q. Raja om å prioritere meir av spelemidlane til kulturbygg i åra framover.


Kulturdepartementet fordeler årleg spelemidlar av overskotet av statlege spel, gjennom tildelingar til idrett, friluftsliv, frivilligheit, kultur og andre samfunnsnyttige formål. Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg er finansiert gjennom ordninga og blir lyst ut som ei tilskotsordning gjennom fylkeskommunane. Tilskotet skal gå til kulturhus, fleirbrukslokale, bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsalar, formidlingslokale for biletkunst og livssynsøytrale seremonirom. I 2020 har Kulturdepartementet løyvd **55 millionar kroner** til den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg. Her er oversikt over fordelinga mellom fylka i 2020:

Viken	9 584 679
Oslo	6 017 472
Innlandet	4 479 914
Vestfold og Telemark	4 477 273
Agder	3 778 432
Rogaland	4 780 022
Vestland	5 952 668
Møre og Romsdal	3 508 937
Trøndelag	4 982 049
Nordland	3 559 900
Troms og Finnmark	3 878 654
<b>Totalt</b>	<b>55 000 000</b>

Vestland fylkeskommune åleine har i 2020 57 søknader om tilskot til kulturbygg gjennom ordninga med ein total søknadssum på 40,6 millionar kroner. I tillegg kjem enkeltsøknader til fylkeskommunen frå større kulturarenaer med regionale funksjonar som Grieghallen, Sentralbadet scenekunsthus, verne- og formidlingsbygg til Holvikejekta ved Musea i Sogn og Fjordane og Griegkvartalet i Bergen.

Overskotet frå dei statlege spela var i 2019 på **5,5 milliardar kroner**. Desse midlane blir fordelt av Kulturdepartementet til idrettsformål, kulturformål, helse- og rehabiliteringsformål og samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar etter ein politisk vedteken nøkkel. Tilskot til kulturbygg er del av potten til kulturformål som i 2020 er på **804,8 millionar kroner**. Midlane til kulturformål går til mellom anna tilskotsordninga Frifond, Den kulturelle skulesekken, tilskotsordninga Kulturrom (tidlegare Musikkutstysordningen), Den kulturelle spaserstokken og tiltak innan mellom anna museums-, bibliotek- og musikkfeltet, i tillegg til kulturbygg.

Tilskotet til kulturbygg har blitt gradvis redusert over tid, som følgje av at tippemiddelnøkkelen har blitt endra og fordi Kulturdepartementet har tatt inn nye ordningar og tiltak innanfor området kulturformål, noko grafen nedanfor viser.



Endringane som har gitt størst effekt for tilskot til kulturbygg kom i 2010 og 2014. I 2010 starta utfasinga av tilskotsordninga *Regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur*. Etter 2010 var det berre regionale bygg som hadde fått løyving tidlegare år som fekk støtte. Nye søknader frå regionale kulturbygg har frå 2011 blitt handsama via den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg.

I 2014 vart tippemiddelnøkkelen endra, med det resultat at delen til kulturformål vart redusert:

	Før 2014	Etter 2014
Idrettsformål	56 %	64 %
Kulturformål	26 %	18 %
Samfunnsnyttige og humanitære formål	14,9 %	18 %

Parallelt med at andelen til kulturformål gjekk ned har Kulturdepartementet tatt inn nye tiltak innan mellom anna fartøyvern, museum, bibliotek og musikkfeltet under potten til kulturformål. Spelemidlane til kulturbygg låg i åra før 2014 på mellom **125 og 135 millionar kroner**, men har blitt gradvis redusert og har dei siste fire åra lagt på mellom **47 og 56 millionar kroner**.

Vestland fylkeskommune vil frå 2021 etablere ei tilskotsordning med fylkeskommunale midlar for kulturbygg med regionale funksjonar. Dette for å løyse det akutte behovet for midlar til kostnadskrevjande regionale kulturbygg, og for å kunne prioritere lokale kulturbygg innanfor dei få pengane som blir tildelt gjennom spelemidlane.

Regjeringa har både gjennom kulturmeldinga og frivilligmeldinga tatt til orde for å vurdere endringar av spelemidlane til kulturbygg:

*Vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturbygg innanfor ramma av tippnøkkelen (Kulturmeldinga, Meld.St. 8 2018-2019, side 63)*

*Vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturbygg og frivilligeigde bygg innanfor ramma av tippnøkkelen (Frivilligmeldinga, Meld.St. 10 2018-2019, side 62)*

Vestland fylkeskommune ser det som ei viktig nasjonal kulturpolitisk oppgåve å vere med å finansiere arenaer for kultur. Vi ber kulturministeren om å endre på innrettinga og nøkkelen for fordeling av spelemidlar til kulturformål og til kulturbygg spesielt.